



EU

MANDAG FORSKNING * TIRSDAG EU * ONSDAG GRÜNDER * TORSDAG INTERNASJONALT NÆRINGSLIV * FREDAG VEKSTTORGET

EU-PROFILEN



Joaquin Almunia

Land: Spania

Tittel: EU-kommisjonær for konkurranse

Aktuell: Kritiserer flere store EU-land for manglende solidaritet.

For den spanske kommisjonær Joaquin Almunia gjelder det å holde sammen i Eurosonen, og derfor kan han ikke lenger holde kjæft. Almunia har den siste uken gått hardt ut mot blant annet Nederland og Tyskland etter at de har foreslått at landene i Eurosonen som er hardest rammet av gjeld muligens bør kastes ut.

– Det finnes medlemsstater som tror de ikke har de samme problemene. De føler ikke behovet for å gjøre en ekstra innsats for å kompensere for ressursmangelen til de landene som er svakere stilt, sier han ifølge AFP. Tyskland er blant landene som har tatt hardest til orde for kraftige budsjettredskjæringer i landene som sliter med gjeld, og som nylig også har nevnt muligheten for å kaste ut landene som ikke klarer å følge opp slike krav med handling.

Almunia, som er utdannet jurist, er medlem av det Spanske Sosialistiske Arbeiderparti (PSOE), og var arbeidsminister fra 1982 til 1986. På 90-tallet steg han til partiledervet og var statsministerkandidat i 2000. Etter å ha gått på det største sosialistiske valgnederlaget siden overgangspereioden etter Franco-regimet ble han nødt til å gå av, og fikk i 2004 vervet som økonomiskommisjonær, som i 2010 ble avløst av hans nåværende stilling.

DET SKJER I EU

Torsdag

Møte mellom EU og Sør-Afrika

* Det fjerde møtet mellom EU og Sør-Afrika blir avholdt i Kruger Nasjonalpark. Herman Van Rompuy, president i Europarådet og José Manuel Barroso, president i Europakommisjonen er til stede. Der vil de blant annet diskutere Sør-Afrikas presidentrolle i FNs neste klimakonferanse og situasjonen i Afrika etter den arabiske våren.

Prognoser for økonomisk vekst

* Kommisjonen offentliggjør økonomiske prognoser hvor de redegjør for veksten i de største EU-landene samt gjennomsnitt for EU og eurosonen. Kommisjonen kommer med flere slike prognoser i året.

Fredag

Mobilitetsuka sparkes i gang

* EUs mobilitetsuke tar sikte på å øke oppmerksomheten rundt behovet for lokal og individuell handling mot forurensningen som motorisert trafikk forårsaker, særlig i urbane områder.

Eurokrise skaper ny diskusjon om Europas sameinte stater.

* EUROSONEN

Ny vår for føderalismen

Krise i Hellas og usikkerheita rundt Euroen gir ny fart til diskusjonen om ein tettare europeisk union.

– Det er ei rørsle på gang for å få endra Lisboa-traktaten. Mange krefter i EU krev no meir Europa, seier Erik Oddvar Eriksen, leiar for Arena, senter for Europaforskning ved Universitet i Oslo.

Tysklands tidlegare kanslar, Gerhard Schröder, fekk mykje merksemd då han for vel ei veke sidan sa at den krisa Europa no er inne i, krev at «landa må gi opp noko av sin nasjonale suverenitet» i eit intervju med det tyske nyhedemagasinet Der Spiegel. I intervjuet hevdar den tidlegare kanslaren også at kommisjonen eller ein felles europeisk finansminister må få makt over den økonomiske politikken i EU.

Tenketank

Schröders utsegner er i tråd med manifestet til den nyetablerte tenketanken The Council for the Future of Europe. I tillegg til Schröder har tenketanken prominente medlemmer som den tidlegare verdsbanksjefen Joseph Stiglitz, den amerikanske økonomiprofessoren Nouriel Roubini, Storbritannias tidlegare statsminister Tony Blair, den tidlegare spanske statsministeren Felipe

Fakta

Ny føderalistisk diskusjon

* Føderalisme er ei politisk organisasjonsprinsipp der ulike einingar med ulik grad av sjølvstyre er knytt saman av ei felles leiing eller ei felles regjering.

* I EU-samanheng tek føderalistar til orde for tettare integrasjon og meir makt til EU-organa på kostnad av dei nasjonale regjeringane gjerne under slagord som «ja til Europas sameinte stater».

* Lisboa-traktaten er EUs grunnlagstraktat.

González og tidlegare president for EU-kommisjonen Jacques Delors. Tenketanken tek til orde for ein tettare union, både på det økonomiske og på det politiske området. EU-Kommisjonens talsmann Oliver Bailly kommenterte sist tysdag innspillet frå tenketanken.

– Dagens traktat opnar for svært mange ulike måtar å auka den økonomiske integrasjonen på, sa Bailey. Samstundes understreka han at det er fullt mogleg å sette i gang arbeidet med å endre traktaten.

Krise skaper integrasjon

– Eg har inntrykk av at mange i Noreg trur at EU vil gå i oppløysing kvar gong det er krise. Forsking viser at det som skjer er det motsette. Kriser fører til auka europeisk integrasjon, seier Erik O. Eriksen.

Gerhard Schröders tenketank er ikkje åleine om å etterlyse auka integrasjon som svar på Eurokrisa. Sist veke uttala Tysklands kristenkonserverte finansminister Wolfgang Schäuble at EU-traktaten treng «djuptgripande endringar». I tillegg la Nederlands regjering sist veke fram eit forslag om auka samordning av den økonomiske politikken i Euro-området. Forslaget inneber mellom anna at EU-kommisjonen skal kunne intervernere direkte mot EU-land som bryt med EU si stabilitetspakt.

Meir byråkrati

Parallelt med den store politiske diskusjonen om føderalisme går føre seg fleire prosessar i EU

som ser ut til å peike i same retning.

– EU etablerte nyleg tre nye tilsynslignande organ som skal overvake den økonomiske politikken i medlemslanda. Det ser ut til at dette vil skape ein ny avgjerdsprosess for arbeidet med statsbudsjett. Dei nasjonale regjeringane må litt forenkla sagt, leggje fram forslaget til statsbudsjett for dette organet, slik at det blir godkjent av EU før det blir lagt fram for det nasjonale parlamentet, seier Trondal.

Storbritannia har som einaste land fått unntak slik at det britiske parlamentet også i framtida vil få regjeringas forslag til statsbudsjett før det blir sendt vidare.

– I dei politiske diskusjonane blir det snakka mykje om kriser og oppløysing og om ein ny traktat. På sida av dette, litt utanfor synsvinkelen til dei fleste, skjer ei byråkratisk oppbygging av unionen, seier professoren.

Soga om dagens EU-traktat, Lisboa-traktaten, er lang og innvikla. Nederland og Frankrike sa i folkerøystingar i 2005 nei til det dåverande utkastet til traktat. Sommaren 2008 sa Irland nei til avtalen etter ei folkeavstemming. Hausten 2009, sa landet likevel ja til avtalen etter ei ny avstemming. Ettersom arbeidet med denne avtalen trakk i slikt langdrag, rekna mange politiske analytikarar med at det ville bli lenge til det blir gjort store endringar i traktaten.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK
astrid.dypvik@nationen.no

MEIR FØDERALISME

«Kriser fører til auka europeisk integrasjon.»

ERIK O. ERIKSEN
LEIAR FOR ARENA, SENTER
FOR EUROPAFORSKNING